

Egenevaluering INFO231 – vår 2012

Faglærers vurdering av gjennomføring

Kurset var lagt opp med 15 forelesingar med ei oppsummering som siste forelesing. Accenture stilte og med ein gjesteforelesar, Arlene Pearce, som snakka om Lean development og Kanban. Forelesingane gjekk greit, men sidan kurset inneheld mykje variert stoff vart ein del viktig stoff kanskje undervist for overflatisk. Spesielt kunne eg tenkt meg meir tid på stoff om designmønster og programvarearkitektur.

I tillegg til forelesingane hadde studentane ei innleiande øving der dei vart kjent med utviklingsverktøy, og så tre iterasjonar på eit programvareprodukt som dei skulle lage i løpet av semesteret. Dette var eit gruppe arbeid med 4-6 studentar. Studentane arbeidde godt med dette og gruppene hadde svært god hjelp av undervisningsassistentane i arbeidet med å få arbeidet godkjent. Undervisningsassistentane var og sentrale i utforminga av utviklingsprosjektet.

I alt 22 studentar har fått godkjent dei obligatoriske oppgåvene, av desse møtte 20 til eksamen. Det vart 4 stryk, dvs. 20% som er ein høg strykprosent. Kurset inneber mykje programmering. Programmering er normalt vanskeleg for mange av våre studentar, og av dei som strauk til eksamen var ein viktig grunn til dette at dei ikkje svarte på den delen av eksamen som handla om å programmere. Dei obligatoriske oppgåvene bør hjelpe slike studentar med å få programmeringserfaring, men det er mykje som tyder på at dei framleis berre følgjer med på lasset i gruppearbeidet og i stor grad er avhengig av andre studentar sin kompetanse. Det obligatoriske opplegget kan kanskje modifierast slik at svake studentar får høve til individuelle oppgåver som gjev at dei får betre kompetanse i programmering.

Karakterfordelinga blant dei som sto var innanfor det som er normalt.

Informasjon om kurset og førelesingsnotatar vart lagt ut i god tid før undervisninga.

Pensum i kurset er stort og tematisk spreidd, og det fins ikkje lærebøker som dekkjer alle delane. Eg har valt å bruke kilder frå Internett, dvs. tekstar som ligg fritt tilgjengeleg pluss Wikipedia. Kvaliteten her er i mange samanhengar ikkje god nok, men samstundes vert det etter mitt syn vanskeleg å krevje at studentane skal måtte kjøpe mange bøker for å få dekkja alt innholdet i kurset. Det er spesielt stoff om design og arkitektur og utviklingsprosess som eg saknar gode bøker om.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Forelesingslokale har vore greie, sjølv om det verkar litt meningslaust å bruke eit lokale som tar mange hundre tilhøyrarar til eit kurs med 20 studentar. Labane har og fungert bra. Det er viktig at dette kurset har gode studentassistentar og dei som får denne jobben bør ha dokumentert gode programmeringsevner i studiet. Dette var tilfelle med dei to assistentane eg hadde med denne gongen. Dersom ein ønskjer meir støtte til dei svakaste studentane må ein vurdere å bruke endå ein assistent til dette.

Faglærers kommentar til studentevalueringen

Kurset vart evaluert elektronisk og 12 studentar deltok, noko som er ein bra svarprosent. Studentane verka stort sett nøgde med kurset, men hadde ein viktig kommentar, nemleg koblinga mellom forelesingane og arbeidet på laben. Mykje av det dei skulle gjere i dei obligatoriske øvingane var ikkje forelest før dei måtte bruke det. Fleire kommenterte at dette burde ha vore gjort. Etter mitt syn er det ofte nyttig for studentane å ha praktisk kjennskap til verktøy og teknikkar før det vert grundigare gjennomgått på forelesing. Men eg ser at studentane kunne fått meir kjennskap til essensielle programmeringsteknologiar tidleg i studiet.

Faglærers samlede vurdering,inkl. forslag til forbedringstiltak

Etter mitt syn har INFO231 vore gjennomført godt dette semesteret. Forslag til tiltak:

- For å redusere strykprosenten bør ein vurdere spesielle tiltak mot dei som er svakast til å programmere.
- Ein bør og jamleg sjå etter alternativ litteratur i staden for dei mange kjeldene frå Internettet som er brukt i kurset. Om ein finn passande bøker kan dei gjerne erstatte mykje av dette Internett-stoffet.
- Viktig programmeringsteknologi slik som gui-programmering bør komme tidlegare i kurset.

Bjørnar Tessem,
kursansvarleg info231 våren 2012.